



Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|------------------|-------|------------|
| Petter Steen jr. | | 20/692 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 127/20 | Formannskapet | PS | 07.09.2020 |
| 090/20 | Kommunestyret | PS | 21.09.2020 |

Politivedtekt for Sveio kommune, oppheving av § 7-3 Offentleg høyring

Prenta vedlegg:

Politivedtekt Sveio kommune 2018
Retningslinjer torgsal mm Stavanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til endring av FOR-2018-09-17-1330; Politivedtekt for Sveio kommune ved at § 7-3 blir teken ut av forskrifta, blir lagt ut til offentlig høyring. Fristen for å gje høyringsfråsegn blir sett til 1. november 2020.

Formannskapet - 127/20

FOR - behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som tilrådd av rådmannen.

FOR - vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Framlegg til endring av FOR-2018-09-17-1330; Politivedtekt for Sveio kommune ved at § 7-3 blir teken ut av forskrifta, blir lagt ut til offentlig høyring. Fristen for å gje høyringsfråsegn blir sett til 1. november 2020.



KOM - behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøyste som tilrådd av formannskapet.

KOM - vedtak:

Framlegg til endring av FOR-2018-09-17-1330; Politivedtekt for Sveio kommune ved at § 7-3 blir teken ut av forskrifta, blir lagt ut til offentleg høyring. Fristen for å gje høyringsfråsegn blir sett til 1. november 2020.

Saksutgreiing

Samandrag

Sveio kommunestyre vedtok 18. juni 2018 i sak 049/18 ny politivedtekt for Sveio kommune. Vedtekta blei stadfesta av Politidirektoratet med nokre endringar 17. september 2018 og tok til å gjelda 17. oktober 2018. Bakgrunnen for at Sveio kommune valde å vedta ny politivedtekt, var at Politidirektoratet i rundskriv 2018/002 hadde publisert ny normalpolitivedtekt for norske kommunar. Det var difor trong for å erstatta den førre politivedtekta for Sveio kommune som var fastsett i 2003. Gjeldande politivedtekt for Sveio kommune frå 2018 er i samsvar med normalpolitivedtekta.

Bakgrunn for saka

§ 7-3 i gjeldane politivedtekt for Sveio kommune har denne ordlyden:

«Barn under 15 år har ikkje åtgang til offentleg allment tilgjengeleg tilstelling utan at dei er i følgje med foreldre eller andre føresette. Politiet kan gje dispensasjon ved tilstellingar som arrangeras spesielt for barn og unge under 18 år.»

Den gjeldande ordlyden i paragrafen kan gje utilsikta verknadar som ein ikkje hadde tenkt godt nok gjennom før politivedtekta blei vedteken. Om ein skal ta ordlyden på alvor, vil det til dømes ikkje vera tillate for born under 15 år å ta del i arrangement på dagtid under Sveiodagane utan at dei har foreldre eller føresette med seg. Det vil og heilt sikkert finnast andre døme på trygge tilskipingar der det vil vera heilt trygt for born under 15 år å vera med utan at dei blir følgde av foreldre eller føresette. Det seier seg sjølv at det ikkje var intensjonen å leggja hindringar i vegen for slike positive tilskipingar.

Bakgrunnen for at paragrafen er med både i Sveio si politivedtekt og normalpolitivedtekta, er eit ønske om å sikra at born under 15 år ikkje har tilgjenge utan foreldre eller føresette til tilskipingar der det blir servert alkohol. Dette spørsmålet blir regulert både av alkoholova og av ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune.

I og med at omsynet til born i samband med tilskipingar der det blir servert alkohol, er regulert gjennom anna lovverk og kommunale retningsliner, er det ikkje naudsynt å regulera dette i politivedtekta i tillegg. Sidan § 7-3 og kan mistydast slik det alt er gjort greie for, vil det



enklaste vera å ta heile paragrafen ut av politivedtekta.

I samband med at vi no gjer framlegg om å endra politivedtekta ved å ta ut § 7-3, har det vore stilt spørsmål ved om det og hadde vore tenleg med ei endring til, der ein tek inn ein heimel for forbod mot sal av heliumballongar i politivedtekta. Rådmannen har teke dette spørsmålet opp munnleg med Politidirektoratet. Ansvarleg sakshandsamar i direktoratet har gjeve som svar at eit slikt forbod ikkje skal ha heimel i kommunen si politivedtekt. Eit forbod mot sal av heliumballongar kan bli vedteke som ei separat sak utan heimel i politilova, eller det kan vera ein del av eit heilskapleg reglement for torgsal og liknande på offentleg grunn, slik til dømes Stavanger kommune har gjort. Forbod mot sal av heliumballongar kan berre omfatta offentleg grunn. Kommunen har ikkje høve til å vedta forbod mot sal av heliumballongar frå privat grunn, slik som butikkar og bensinstasjonar.

Saks- og faktaopplysningar

Ei politivedtekt er ei lokal forskrift til politilova. Det er difor spesielle formkrav til sakshandsaminga. Desse går fram av § 37 i forvaltningslova: «*Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.*»

Høyringsfristen blir sett til 1. november. Då vil det vera mogeleg å sakshandsama høyringsfråsegnene slik at kommunestyret kan fatta vedtak i saka på møtet 7. desember. I tillegg til at saka blir lagt ut til offentleg høyring på kommunen si heimeside og ved annonse i Vestavind, er det naturleg at desse instansane blir oppmoda skriftleg om å gje høyringsfråsegn:

- Sør-Vest politidistrikt
- Sør-Vest politidistrikt ved politikontakten
- Statens Vegvesen
- Sveio Næringsforum
- Kommunale skular ved samarbeidsutvala
- SLT-koordinator
- Helse Fonna
- Fylkesmannen i Vestland
- Vestland fylkeskommune

Kommunestyret sitt endelege vedtak i saka må sendast Politidirektoratet for godkjenning.

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Blir å handsama i endeleg sak etter høyringsrunden.

Beredskap

Ikkje aktuelt.

Vurdering

Rådmannen ser det som ein føremon at formuleringar som kan føra med seg mistydingar, blir endra eller tekne ut av politivedtekta. Omsynet til born og unge sin tryggleik ved tilskipingar der det blir servert alkohol, er regulert i anna relevant lovverk.



Sveio kommune

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen syner til framlegg til vedtak i starten av saksframlegget. Om det i tillegg er ynskjeleg å innføra eit sjølvstendig forbod mot sal av heliumballongar på offentleg grunn i Sveio kommune, vil rådmannen fremja eiga sak om dette.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

FOR-2018-09-17-1330; Forskrift om politivedtekt, Sveio kommune, Hordaland

LOV-1995-08-04-53; Lov om politiet (politilova)

FOR-2000-11-16-1151; Delegering av myndighet til Politidirektoratet etter politiloven § 14, § 16 tredje ledd, § 20 tredje ledd, § 22 annet ledd, § 23 og § 29.

LOV-1967-02-10; Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)

LOV-1989-06-02-27; Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkohollova)

Ruspolitisk handlingsplan for Sveio kommune